

Ukens kronikk

NAVFs Pressetjenesten

Nr. 10/1985

Ved bruk av kronikken,
vennligst send et eksemplar.

FLUKTEN FRA BYGDEBYEN

Bygde-Norges befolkningshistorie

av

Erling Berge (NAVFs)

I 60-åra hadde samfunnet vårt stor flytting. Det som då skjedde vart omtala som *flukten frå landsbygda*. I 70-åra gjekk det totale omfanget av flyttingar noko attende og busettingsmønsteret såg ut til å stabilisere seg. Kva er det så som skjer med flyttingane i dag? Sjølv utan endringar i omfanget av flyttingar, går vi mot ei endring i flyttestraumane som vil gi ei like markert regional omfordeling av befolkinga som i 60-åra. Men no vil omfordelinga kunne omtalast som *flukten frå bygdebyen*, meiner Erling Berge. Berge er forskar ved Institutt for jordskifte og arealplanlegging.

I 1984 minka folketalet i 200 kommunar. Befolkningsprognosane viser at om 20 år er det sjanse for at alle landets kommunar vil ha minke i folketalet. Men det er truleg at nokre kommunar vil minke meir enn andre, då som no. Korleis befolkinga vil fordele seg regionalt i løpet av dei neste 20 åra, er eit spørsmål som har interesse ut frå mange synsvinklar.

Fødselskulla 1910-20

Skal vi skjønne den utviklinga vi no er på veg mot, må vi attende til midten av førre hundreåret og sjå på korleis utviklinga av folketalet har spela saman med velstandsutviklinga. Det første som skjedde var at helsa betra seg. Bättre hygiene og ei viss betring i tilgangen på mat gjorde at fleire levde opp. Folketalet voks snøggare enn vi klarte å skape levebrød. Frå gammalt av var utflytting svaret på ein slik situasjon, og i strie straumar flytte nordmenn frå landsbygda til byen og oftast vidare til Amerika. Men talet på levebrød voks også her i landet. Det kunne gå litt i rykk og napp, men dei gamle skrankane som var sett av tilgangen på jord var kanskje for alltid brotne. Eit nytt levebrød gav ein ny familie. Fruktbarheta var høg, men fallande frå slutten av 1800-talet. Likevel auka talet på fødte jamnt og trutt fram mot 1920 då det vart født nesten like mange som i rekordåret 1946. Vi kan seie at med generasjonen født 1910-20 byrjar forminga av det moderne Bygde-Norge.

Utan levebrød – ingen familie

Denne generasjonen vart vaksen midt i hardaste krisa i mellomkrigstida. Talet på levebrød voks nok framleis, men ikkje så fort som spurnaden etter dei. USA innførte i løpet av 20-talet restriksjonar

på innvandringa. Saman med krisa i den amerikanske økonomien gjorde dette at straumen frå Norge tørka inn til ei lita å. Frå gammalt av var ein vant til at ein ikkje kunne stifte familie utan levebrød. Talet på fødte fall dramatisk frå 1920 til 1935 da det igjen byrja vekse. Men etter kvart fann også dei store årgangane frå 1910-20 fram til levebrød og slo seg til ro. I tiåret 1940-50 var Bygde-Norge fyllt til randa av folk. Og etter gamal skikk fekk dei mange barn. Dei store fødselskulla frå tiåret 1940-50 skulle skrive neste kapittel av Bygde-Norges befolkningshistorie.

Ut av bygdemiljøa for å finne levebrød

Denne generasjonen var vaksen i tiåret 1960-70 midt i velferdsstatens gullalder. Velferdsstaten var bygt på produktivitetssauke. På landsbygda førte dette i 50- og 60-åra til ein rask nedgang i talet på levebrød. Samtidig kom det vekst i talet på levebrød i byar og tettstader der større industri ekspanderte.

Bygdeungdom som vart vaksen i 60-åra måtte ut av bygdemiljøa for å finne levebrød. Byar og tettstader voks. Og dei mindre tettstadene voks raskast. Levebrøda var ikkje vanskelege å finne, og etter gamal skikk stifta dei familie og fekk barn. Dei fekk barn kanskje 5-10 år tidlegare enn foreldra sine, men i motsetning til desse fekk dei ikkje mange barn. Det er likevel desse barna født i åra 1966-70 som no er i ferd med å skrive tredje kapittel i Bygde-Norges befolkningshistorie.

Nedgang i folketal og nye typer levebrød

Desse er i ferd med å bli vaksne nett som tilgangen på nye levebrød i bygdebyar og mindre tettstader er mindre enn på lenge. Som generasjonane før, er dei på leiting etter ei framtid. Vegen går no frå tettstaden til dei større byane til nye typer levebrød eller vidareutdanning. Samtidig er besteforeldra deira som fylte opp i bygdene i 30- og 40-åra i ferd med å bli gamle. Den viktigaste levevegen i mange bygdekommunar er i dag pensjon.

Service av pensjonistar saman med overtaking av levebrød i primærnæringane har i 70-åra gitt grunnlag for ei viss nyetablering av hushald. Dei nye hushalda får likevel ikkje mange nok barn til å vege opp for avgangen av døde. I tettstadene får nyetablerte hushald endå færre barn, og når utflyttinga aukar på, skal det lite til før det blir minke i folketalet her og. Dei neste 10 åra vil vi altså få utflytting frå dei tettstadene og bygdebyane som voks så raskt i 50- og 60-åra. Det er berre å vente på overskrifta: *Flukten fra bygdebyen*.

Skal vi så kalle dette ei bekymringsfull utvikling? Svaret vil i dette høvet meir enn ellers vere avhengig av kven som blir spurt. Den kulturelle refleksjonen er å tolke nedgang i folketal som eit vondt varsel. Men i dag er nedgangen eit resultat av velstandsutviklinga og ikkje av pest og dårlege tider. Likevel trur eg utviklinga er bekymringsfull for Bygde-Norge.